

Gjennomgang av organiseringa av kommunalt
eigde behandlingsanlegg i januar 2021

Organisering av biogassanlegg for matavfall


Kvifor er dette med organisering viktig?

Organiseringa av kommunalt eigde behandlingsanlegg skal ofte sikre fleire føremål på ein gang:

- 1) Politisk styring med lovpålagde oppgåver. Sikre at politikarar får høve til å bruke lovpålagde tenester og eigarskapet til å gjennomføre politiske mål. Som ein del av dette kan det i nokre høve vere ønskjeleg å etablere løysingar som er miljømessige «spydspissar», men som difor også blir skjerma i marknaden.
- 2) Regelverket om offentlige innkjøp gir skranker for samarbeid mellom ulike selskap og for korleis kommunane tildeler oppgåver til slike selskap. I praksis vil ei tildeling av einerett vere aktuell, dette er regulert i § 1-3 i forskrift om offentlige anskaffelser.
- 3) Hindre kryssubsidiering. Anlegg som opererer heilt eller delvis skjerma i marknaden må drivast utan å vere strid med regelverket om offentleg støtte.
- 4) Sunn økonomisk drift - kva sikrar mest mogleg optimal verdiforvaltning og drift, minst mogleg dobbeltarbeid og robuste fagmiljø.

Kommunalt eigarskap er organisert på fleire måter

Samarbeidsformer og graden av sjølvstyre:



Aukande grad av sjølvstyre →

Organisering av kommunalt eigde behandlingsanlegg for ulike typer avfall

Kommunane i Noreg eig mange ulike typer behandlingsanlegg som opererer delvis kommersielt, delvis marknadsskjerma.

Dette gjeld t.d. biogassanlegg, kompostanlegg, ettersorteringsanlegg, energigjenvinningsanlegg og deponi.

Det er nyttig å sjå på organiseringa av fleire av desse anlegga.

Biogassanlegg for matavfall


Forbehandling av matavfall krev store investeringar, dette er i liten grad kommersialisert.

Dei aktuelle anlegga i drift er:

1. Romerike Biogass (Oslo kommune, del av etat)
2. Frevar KF (kommunalt foretak i Fredrikstad kommune)
3. Den magiske fabrikk (sjå eigen figur)
4. Hadeland Ringerike Avfallsselskap AS (del av interkommunalt avfallsselskap)
5. IVAR Grødaland (del av interkommunalt avfallsselskap)
6. Mjøsanlegget AS (eig av fleire interkommunale avfallsselskap)
7. Ecopro AS (eig av fleire interkommunale avfallsselskap)

Av og til litt komplisert...

Organisering Den Magiske Fabrikken



► Kommersielle aktører innan matavfall?

- Liholmen biogass AS i Båtsfjord: Selskap under oppstart, driftsmodellen er ikkje kjent. Her er ØFAS inne gjennom eigarskap i næringssselskap.
- Norsk matretur AS i Lørenskog: Produserer substrat til biogassanlegg.

► Kva med dei andre biogassanlegga?

Dei andre biogassanlegga i Noreg er i hovudsak organisert slik:

- 1) Anlegg der biogassproduksjon er ein del av behandlinga av avløpsvatn og avløpsslam: I hovudsak kommunale anlegg, nokre interkommunale selskap.
- 2) Anlegg som i hovudsak behandler slam frå næringsmiddelindustri (fiskeri): Kommersielle anlegg
- 3) Gardsanlegg som behandler husdyrgjødsel.

Ettersorteringsanlegg i Noreg

To etablerte:

ROAF

IVAR

To under planlegging:

Sesam Ressurs AS

Østfold Avfallssortering IKS

Organiseringa av ettersorteringsanlegg

Dei to anlegga som så langt er i drift, har ein ting til felles:

Dei er ikkje sjølvstendige juridiske rettssubjekt, dei er integrerte delar av interkommunale avfallsselskap.

Begge leverer tenester til andre enn eigar.

Dei to anlegga som er under planlegging er begge organisert som sjølvstendige rettsssubjekt, eit er aksjeselskap, det andre er IKS. Det er ikkje gitt at desse selskapa skal eige det fysiske anlegget.

Døme på anlegg som er skilt ut som egne juridiske rettssubjekt

- Den magiske fabrikken (biogass)
- Mjøsanlegget AS (biogass)
- Returkraft AS (energigjenvinning)
- Forus energigjenvinning 2 AS (energigjenvinning)
- BIR Avfallsenergi AS (energigjenvinning)
- Ecopro AS (biogass)
- Alta Fjernvarme AS (energigjenvinning)
- Origo Skibotn AS (kompostering og deponi)

► Døme på anlegg som er organisert som avdelingar i større selskap

- Frevar - Fredrikstad vann avløp og renovasjonsforetak KF (m.a. biogass og energigjenvinning)
- HRA - Hadeland og Ringerike Avfallsselskap AS (m.a. biogassanlegg og deponi)
- Fleire av dei kommunale avfallsselskapa driv deponi eller kompostering utan at dette er skilt ut i eiga juridisk eining, t.d. Halden kommune, Agder Renovasjon, SIM, IR, FIAS og Sirkula.

Oppsummering

Dersom eit anlegg skal få tildelt hushaldsavfall utan konkurranse (i praksis er det truleg einerett som er aktuelt, ikkje eigenregi), legg det føringar for korleis anlegget kan vere organisert. Eit absolutt vilkår er at det er eit «offentligrettslig organ».

Ein aktør kan ta «heile jobben», men det er like vanleg å dele ansvar og risiko.

Bygg og behandlingsanlegg treng ikkje å ha same eigar. Det treng ikkje å vere same aktør som eig og driv anlegget, men dette er sjølv sagt meir krevjande å regulere juridisk og økonomisk.